

Adresseliste

Dato: 31.05.2016
Vår ref.: 2015/7064-10
Saksbehandlar: marrods
Dykkar ref.:

Forslag til Regional planstrategi 2016-2020 – Utviklingsplan for Hordaland - høyring

Fylkesutvalet vedtok 19.mai 2016 med heimel i plan- og bygningslova § 7-1 eit forslag til Regional planstrategi for perioden 2016-2020. Strategien sendast no ut på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn.

Innhald

Regional planstrategi er ein overordna utviklingsplan for fylket. Planen har fire hovudmål for perioden:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Strategien er utvikla i tett dialog med kommunane, statlege organ og ulike organisasjonar. Vi vonar derfor at mål og strategiar kan få oppslutning slik at ulike sektorar og forvaltningsnivå kan dra i same retning til gagn for fylket.

Høyring og informasjon

Fylkeskommunen ynskjer no synspunkt på innhaldet i strategien og på korleis vi saman kan oppfylle måla. Resultatet av høyringa vil bli vurdert og lagt fram for den politiske prosessen fram mot slutthandsaminga i fylkestinget i desember. Svar kan sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no eller Hordaland fylkeskommune, boks 7900, 5020 Bergen. Merk innspela med 2015/7064. Meir informasjon om strategiarbeidet og dokument i saka finn de her; www.hordaland.no/regionalplanstrategi. Spørsmål kan rettast til prosjektleiar Marit Rødseth, tlf 481384 93 eller marit.rodseth@hfk.no.

Høyringsfristen er sett til **15.september 2016**

Venleg helsing



Anne Gine Hestetun
fylkesordførar

Vedlegg:

Utviklingsplan for Hordaland – høringsforslag – Regional planstrategi 2016-2020

Utviklingstrekk i Hordaland – AUD-rapport nr. 2-16

Adresseliste for høringa